

Fra: Jensen May Britt [may.britt.jensen@fmro.no]
Sendt: 29. november 2009 14:24
Til: Postmottak FKD
Kopi: Postmottak Direktorat for naturfovaltning;
postmottak@mattilsynet.no; Postmottak Statens Forurensningstilsyn;
postmottak@md.no; arne.berge@rogfk.no
Emne: VS: uttale til 4 høyringssaker frå FKD med frist 18.nov - dykkar
ref.
200800824, 200900198; 200800414 og forskrift Hardangerfjorden
(utan ref)

Fra: Jensen May Britt
Sendt: 18. november 2009 20:45
Til: 'postmottak@fkd.dep.no'
Kopi: 'postmottak@dirnat.no'; 'postmottak@mattilsynet.no';
'postmottak@sft.no'; 'postmottak@md.no'
Emne: VS: uttale til 4 høyringssaker frå FKD med frist 18.nov - dykkar
ref. 200800824, 200900198;
200800414 og forskrift Hardangerfjorden (utan ref)

Til Fiskeri- og Kystdepartementet
postmottak@fkd.dep.no

kopi:

postmottak@dirnat.no;
postmottak@mattilsynet.no;
postmottak@sft.no;
postmottak@md.no

Viser til oversending av 18. november. Ver venleg å erstatt oversendt
uttale frå Fylkesmannen i
Rogaland med det følgjande om det er mogleg. Det er berre mindre
korrigerignar, men me vil av
arkivomsyn setja pris på å få ein tilbakemelding på om de tar inn denne
siste retta versjonen.

Grunna stor arbeidsmengde og avgrensa sakshandsamarressursar, sender
Fylkesmannen i Rogaland
med dette samla uttale pr mail på fire saker de har sendt oss på høyring
med frist 18.nov.

Til dykkar informasjon legg me også med kopi av oppslag på heimesida vår
der det er link til relativt
ferske avslag etter forureiningslova på søknad om utvidingar innan
lakseoppdrett i Rogaland. Desse
er relevante som bakteppe også for vidareutvikling av torskoppdrett og
dei øvrige regelendingane ut

frå at det i våre område er teikn som kan tyde på overgjødsling i sjøområde med mykje fiskeoppdrett. Ta kontakt gjerne kontakt med oss direkte på mail eller telefon om de vil ha synspunkta våre utdjupa.

Uttale frå Fylkesmannen i Rogaland til "Nye bestemmelser om torskeoppdrett" ref. 200800824

Høyringsinstansar:

Ut frå at mange kystkommunar er opptatt av - og til dels avhengig av - vidareutvikling av miljømessig bærekraftig havbruk, meiner Fylkesmannen i Rogaland at kommunar med mykje oppdrett og vesentleg andel av dei 500 eksisterande torskekonsesjonane, burde vore med på lista over høyringsinstansar.

Rammer for bærekraftig vekst:

Ut frå at torskeoppdrett har hatt vesentlege oppstartsproblem og er venta å vera ei næringsgrein med utviklingspotensiale, vil Fylkesmannen i Rogaland rose FKD for arbeidet med å prøve å setje bærekraftige rammer for denne produksjonen. Heimel til å stanse eller avgrensa talet på nye løyver til torskeoppdrett, slik me forstår intensjonen med forslaget er , er eit viktig verktøy for å få ein kontrollert vekst parallelt med kunnskapsoppbygging og teknologiutvikling med sikte på miljømessig bærekraftig produksjon. Om det ikkje eksisterer allereie, må det og vurderast å skaffe heimel til å inndra løyver for å avgrense/omfordele det allereie tillatte teoretiske produksjonsvolumet på over 300 000 tonn som ligg i eksisterande torskekonsesjonar. Føremålet med forskriftsendringa bør gå betre fram av forskriftsteksten - td ved å tilføye i førmålsparagraf.

Genetisk forureining av villfiskstammer:

I tråd med 1. mål i "strategi for ein miljømessig bærekraftig havbruksnæring" må framtidig torskeoppdrett skje utan at det fører til varige genetiske endringar i villfiskbestandane. Ut frå erfaringar så langt både med laks og torsk, er det Fylkesmannen i Rogaland sitt syn, at dette må setjast krav til at oppdrettstorsk ikkje må kunne reprodusere. Alternativt at ein kun tillet oppdrett av kysttorsk med genetisk materiale lik stadeigen stamme.

Samla næringstilførsel til sjø:

Ut frå at naturlege oppvekstområde for villfisk synes truga av bortfall av stortare/sukkertaresamfunn i Rogaland og elles langs kysten av Sør- og Vestlandet, er det viktig å byggje opp eit system for utsleppsløyver etter forureiningslova der ein får kontroll over tillatt mengde forfor/nitrogen som havbruk samla sett bidrar til i ein resipient/fjordsystem. Slik er det ikkje i dag. Tal frå

Fiskeridirektoratet region Sør viser at det over tid samla sett i Rogaland er gitt utsleppsløyver for lakseoppdrett etter forureiningslova som samla sett er om lag 4 gonger høgare enn dagens produksjon. I tillegg kjem gitte løyver til torsk. I Rogaland er det avgjerende viktig å få undersøkje korleis nærings salttilførsel frå havbruk - både frå laskefisk og torsk - verkar inn på fjordøkosystema - før me opnar for ein vidareutvikling fiskeoppdrett i merdar i sjø generelt. Det må stimulerast til teknologiutvikling som kan bidra til at næringsstoff frå utslepp frå oppdrett kan nyttast som ressurs - direkte eller indirekte. Innan 90 år reknar me med at kjeldene til forsør-gjødsel i verda er tomme. Uynskte næringsutslepp til sjø er ressursar på avvegar - også om dei kjem frå havbruk. Dette perspektivet vert særleg viktig for norsk havbruk sitt omdømme no når me skal forvalte alt fersk- og kystvatn i tråd med EU sitt vannrammedirektiv.

Røming :

§ 37 : dobbel sikring eller likeverdig rømingssikring bør også krevast i sjø - ikkje berre på land. Vidare at nøter har kvalitet som er tilpassa torsk (høgare rømingsevne enn laks)

Heimel for Hardangerfjordforskrifta

Fylkesmannen i Rogaland er samd i at ein i område med store miljøutfordringar knytt til lakseproduksjon, også må visa varsemd med andre marine artar. Me opplever at situasjonen i Ryfylkefjordane er parallell til Hardanger - men ikkje så godt undersøkt og dokumentert.

Saksbehandling:

Som regional forureiningsmynde, vil me oppmode FGD om å samordne lov- og forskriftsendringar under sitt ansvarsområde med forureininglova og SFT og MD som forureiningsmynde. Det er svært ressurskrevande for næringa, lokal- og regional forvaltning å forhalde seg til parallelle lovverk som ikkje er samordna tilstrekkeleg sentralt, jamfør pkt om næringsstilførsel.

Uttale frå Fylkesmannen i Rogaland til " forslag om nye bestemmelser for tillatelse til akvakultur av laks, ørret og regnbueørret til særlige formål" - ref. 200900198

Me kan ikkje sjå å ha motteke denne høyringa pr mail eller post.

Når det gjeld slike særlege løyve, vil desse ofte måtte lokaliserast nær etablerte institusjonar, reiselivsbedrifter osv. Volum og krav til drift på såleis avpassast særleg nøye etter dei lokale

forholda. Dette må skje på vanleg måte med vurderingar og søknader etter alle gjeldande regelverk - så som plan og bygninglov, vannressurslov, forureiningslov, naturmangfoldlov, lakse- og innlandsfiskelov osv. Etter vårt syn kan den aktuelle forskifta med heimel i akvakulturlova med fordel setje øvre grenser slik det er føreslege, men andre lovverk vil ofte vera avgrensande på utforming, drift osv. Me minnar og om auka fare for spreiding av sjukdom og uynskt genetisk materiale når mange har tilgong til oppdrettet/fiskefarmen. Godt samarbeid mellom næringa og utdannings/forskiningsinstitusjonar, bør kunne avgrense behovet for egne utdanningsløyper.

Uttale frå Fylkesmannen i Rogaland til "Forslag om etablering av inter-regionalt biomassetak for verksemdar som vidareforedlar ein vesentleg del av eigen oppdrettsfisk"-ref. 200800414

Høyringsinstansar:

Ut frå at mange kystkommunar er opptatt av - og til dels avhengige av - vidareutvikling av miljømessig bærekraftig havbruk, meiner Fylkesmannen i Rogaland at kommunar med mykje oppdrett og aktuelle verksemdar som vidareforedlar oppdrettsfisk, burde vore med på lista over høyringsinstansar.

Områdevis biomassetak må gjevast ut frå dei aktuelle sjøområda sin toleevne

Fiskeridirektoratet sine regionar er store og regiongrensene er ikkje fullt ut funksjonelle i forhold til å drive ei havbruksforvaltning som må innordneseg økologisk toleevne i fjordsystem og meir opne sjøområde. Med nye teikn på overgjødsling i form av makroalgebortfall, er det presserande for Boknafjorden/Ryfylke å få biomassetaka for verksemdene vurdert ut frå økologiske tolegrensar.

Gjeldande utsleppsløyver etter forureiningslova er gitt ut frå kva kvar einskild lokalitet kan tole utan å bli varig forringa. Det er ikkje teke omsyn til kva sjøområda kan tole samla, jamfør Forureiningslova sitt mål om resipientorientert forvaltning, samt ny Naturmangfoldlov sitt prinsipp om samla belastning . Dagens biomassetak er begrensande for den samla produksjonen, men er ikkje knytt til ei samla vurdering av kva området tolerer av tilførsel av næringsstoff m.m. Lokaliseringssstyring ut frå distriktsomsyn kan vera like relevant innad i ein region som mellom. Fylkesmannen i Rogaland sitt syn på dette, som regional naturforvaltnings- og forureiningsmynde, er at biomassetak for verksemdar må knyttast til fjordsystem, vannressursområde eller anna og må ta omsyn til kor stor belastning

økosystema tolerer utan å få dårleg økologisk status (jamfør vassdirektivet) . Dette er også svært viktig for havbruksnæringa sin internasjonale marknads- og miljøprofil. Ut frå at faresignala på overbelastning i Hardanger og Ryfylke er nokså like, men er dårlegare undersøkt i Boknafjorden/Ryfylkefjordane, vil det ikkje vera tilrådeleg at verksemdar som må redusere aktivitet i Region Vest, får flytte produksjon til Region Sør.

Uttale til Fylkesmannen i Rogaland til "Forslag til forskrift om særskilde krav til akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden " - utan ref.nr, datert 18.aug.2009.

Eit steg i rett retning
Ein føresetnad for regjeringa sin strategi for vidare marknadstilpassa vekst innan havbruk, er at veksten er miljømessig bærekraftig. Å innføre særskilde krav til akvakultur i Hardangerfjorden synes rett og naudsynt ut frå den gjeldande situasjonen.

Sakleg verkeområde
Forskrifta må harmoniserast med den nye vannforskrifta. Fylkesmannen i Rogaland arbeider for at fjordområde som høyrer til Hardangerfjordsystemet - inkl Bømlafjorden - skal ligge til Vestlandet/Hordaland vannregion, for slik å sikre heilskapleg forvaltning av fjordområda. Derfor naturleg at forskrifta omfattar heile Hardangerfjorden, også ytre deler, og at dette området blir lagt under fiskeridirektoratet region vest si forvaltning.

Marin fisk
Det er ikkje enighet i fagmiljøa om lus fra marin fisk utgjer smittefare for villaks. Fylkesmannen i Rogaland støttar derfor framlegget om å også stoppe tildeling av løyve for marin fisk

Parallell situasjon i Boknafjorden/Ryfylke
I Rogaland har det ikkje vore så sterkt problemfokus i så lang tid, men situasjonen for villaks, sjøaure samt makroalgeendingar tyder på at me står ovafor like alvorlege utfordringar for havbruksnæringa i Rogaland som i Hordaland. Det er difor ikkje aktuelt å flytte oppdrettsvolum frå Hordaland til Rogaland som følgje av skjerpa krav i Hardanger.

Nye feltundersøkingar peikar mot at bærrevna i Ryfylke ikkje er bare er overskriden mhp lakselus og genetisk ureining av ville bestandar, men også mhp. overbelastning av tilført organisk stoff og næringssalt. Me vil difor på det sterkaste oppmode næringa og sentralforvaltninga om å ta eigne

initiativ og støtte opp vilje i forvaltning og næring i Rogaland til samarbeid om å operasjonalisere måla i "strategi for bærekraftig havbruk".

Saman om bærekraft-strategi
Fylkesmannen i Rogaland meiner strukturen og kunnskapsnivået i næringa i Rogaland , samt tradisjon for godt regionalt samarbeid, gjer at Rogaland har gode føresetnader for å lukkast med å få til ei bærekraftig havbruksnæring. Samarbeidet som ligg bak Hardangerfjordforskrifta og vilje sentralt til å setje den i verk, gjev oss inspirasjon i så måte.

Under følgjer kopi av oppslag på heimesida vår der det er link til relativt ferske avslag etter forureiningslova på søknad om utvidingar innan lakseoppdrett i Rogaland. Ta kontakt gjerne kontakt med oss direkte på mail eller telefon om de vil ha synspunkta våre utdjupa.

Beste helsing

May Britt Jensen
fylkesmiljøvernsjef

Fylkesmannen i Rogaland

Kopi av oppslag på vår heimeside, sjå
<http://www.fylkesmannen.no/hoved.aspx?m=4474&amid=2921878> (her finn de og aktive
linkar til relaterte dokument)
Auka produksjon av laksefisk er ikkje tilrådeleg

Fylkesmannen har avslått 10 søknadar om utviding/nyetablering av lakseproduksjon. Kraftig vekst i oppdrettsnæringa, samt endringar i makroalgesamfunna i Ryfylkefjordane, gjer at Fylkesmannen ikkje finn det forsvarleg å auka laksefiskproduksjonen ytterlegare. Dette skuldast miljøtilstanden i fjordane. Tålegrensa for ville bestandar av laks og sjøaure i Rogaland er nådd, og til dels også overskride, seier fylkesmann Harald Thune. I løpet av dei siste 15 åra har biomassen av oppdrettsfisk i Rogaland auka kraftig, mengda fisk er om lag femdobla i løpet av denne perioden. Som følgje av den kraftige veksten er utslepp av nærings salt også tilsvarande store. Nyare feltgranskingar tyder på at økosystemet i Ryfylkebassenget er i ubalanse. Dette har resultert i eit skifte i makroalgesamfunna frå eit økosystem med

skogdekkende tareplanter (inkludert sukkertare) til eit samfunn av kortliva trådalgar. Gjennom vassforskrifta har dei ulike sektorane forplikta seg til å følgje målet om god økologisk status for kystvatn innan 2022. Sukkertaren inngår som ein viktig biologisk indikatorart på miljøtilstand. Bortfall av denne kan bety at den økologiske statusen i kommande klassifisering- og karakteriseringsarbeid etter vassdirektivet må nedjusterast. Med bakgrunn i dagens situasjon for vill laksefisk i Rogaland frarår Fylkesmannen at det blir gitt nye løyve til tiltak som aukar produksjonen av oppdrettslaks i fylket. Noreg har eit særleg ansvar for den atlantiske villaksen. Om lag ein tredjedel av verdens førekomst av viltlevande atlantisk laks har sitt opphav i norske vassdrag. Dei ulike laksestammane er unikt tilpassa det vassdraget dei lever i. Lakselus og rømt oppdrettslaks er dei to alvorlegaste truslane mot ville bestandane av laks og sjøaure i fylket. Tettleiken av lakselus og talet på rømt oppdrettslaks har samband med mengda oppdretta laks i sjøen.

(11.11.2009)

Relaterte dokument

- * Oppdrett laksefisk vedtak forurensningslov Boknafjord Ryfylke (PDF/Adobe Reader-fil - 40,8 kB)
- * Oppdrett laksefisk fraråding lakselus (PDF/Adobe Reader-fil - 34,9 kB)

Relaterte lenkjer

- * Strengare regelverk fiskeoppdrett
- * Forskrift kapasitetsauke fiskeoppdrett
- * Forskrift fiskeoppdrett og forvaltingsreforma

Kontaktpersonar

- * Harald Thune, Tlf. 51568810/ Mob. 90504510
- * Marit Sundsvik Bendixen, Tlf. 51568936/ Mob. 92249043
- * Trond Erik Børresen, Tlf. 51568907

Hopp til menyen Hopp til innhold